

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk, Universitetet i Bergen

Møtetid: onsdag 31. januar 2024

Stad: Seminarrom 216, HF-bygget

Frammøtte:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Eirik Hovden, Lene M. Johannessen og Martin Paulsen

Frå gruppe B: Emil Perron

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Eirik Tiller og Ronja Roti Johannesen

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 22. november 2023

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Instituttleiar orienterte om nytilsette ved IF: Den nye administrasjonskonsulenten Susann Aga er på plass i stillinga og førsteamanuensis Kristian A. Rusten tek til i stillinga på engelsk 15. februar.
- B) Instituttleiar orienterte om framdrifta i studieprogramporteføljeprojektet ved fakultetet. Instituttleiinga ved IF har hatt møte med dei tilsette på alle dei ni faga ved IF. Fakultetet har invitert faga til å senda inn svar på konkrete spørsmål knytt til arbeidet med fagporteføljen ved fakultetet. Instituttleiar peikte på at det var vekslende kvalitet på tilbakemeldingane frå dei ulike faga. Det er likevel ei klar oppfatning i fagmiljøa våre at ein ikkje ønskjer krymping den fagspesifikke spesialiseringa. Særleg på grunn av språkmeistringa er det uheldig om (språk)faget sin del av spesialiseringa vert redusert. Her er det ulike syn på fakultetet. Det er på same tid viktig å sjå på kor vi kan redusera ressursbruken vår til undervisning sidan instituttet gjev meir undervisning enn det vi har ressursar til. Instituttleiinga vil laga eit posisjonsnotat om instituttet sine synspunkt og perspektiv basert på møta med faga og dei skriftlege innspela derifrå. Hovden meinte det måtte løftast fram at ressursbehovet er ulikt ved ulike fag ved fakultetet, og han åtvare òg om at det var

sett av kort tid til den viktige slutfasen av prosessen om programportefølje ved fakultetet. Lunde minna om at det er viktig at det er rom for nye initiativ og idear i denne prosessen, og ikkje berre reduksjonar.

Programporteføljen vil bli drøfta på instituttseminaret i april. Dersom det kjem viktige signal før den tid, vil instituttleiar kalla inn til allmøte.

- C) Instituttleiar orienterte om dei to utlyste stipendiatstillingane med søknadsfrist 20. februar.

Sak 4 – Strategi for IF 2024-2030

Instituttleiar orienterte om utkastet til ny strategiplan for IF og om prosessen som ligg bak. Lunde roste utkastet for å vera velformulert og klart.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet vedtek framlegget til strategiplan for 2024-2030.

Det kan gjerast språkrettingar i planen i etterkant av vedtaket.

Sak 5 – Rekneskap for 2023 og budsjett for 2024

Administrasjonssjefen orienterte om rekneskapen for instituttet i 2023 og om driftsbudsjettet for 2024.

Lunde peikte på at det ikkje var ideelt med eit så stort overskot som det IF hadde i 2023, sjølv om pengane går inn til fakultetet. Instituttleiar viste til at instituttleiinga ønskjer å ha tiltak klart i bakhand i tilfelle vi i framtida skulle enda opp med ein situasjon med store udisponerte midlar på slutten av året. Nye kjøkkenkrokar for dei tilsette kan vera eit slikt tiltak. Instituttleiinga er òg interessert i andre gode idear til ting vi kan bruka pengar på i ein slik situasjon.

Instituttleiinga orienterte om utfordringane med å ha ansvar for faste stillingar på driftsbudsjettet til instituttet.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet tek driftsrekneskapen for 2023 til vitende og vedtek budsjettet for 2024.

Instituttleiinga vil koma tilbake til instituttrådet med ei eiga sak om vidareutdanninga ved IF.

Sak 6 – HMS-plan for 2024

Instituttleiar orienterte om planen. På side 3 er det lagt inn eit nytt punkt om “tydelig sikkerhets- og beredskapsorganisering”.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet vedtek den framlagde HMS-planen for 2024.

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef